


LexicoNordica

Forfatter: Lars S. Vikør [Etymologi på ein ny måte]

Anmeldt værk: Yann de Caprona. 2013. *Norsk etymologisk ordbok. Tematisk ordnet*. Oslo: Kagge forlag.

Kilde: LexicoNordica 21, 2014, s. 357-371

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive>



© LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Etymologi på ein ny måte

Lars S. Vikør

Yann de Caprona: *Norsk etymologisk ordbok. Tematisk ordnet*. Oslo: Kagge forlag 2013. 1920 sider. Pris: 599 NOK.

1. Innleiing

Norsk språk er ikkje rikt forsynt med etymologiske ordbøker. Klassikaren er Falk & Torp (1903–06) (med ei tyskspråkleg utgåve frå 1911). Meir omfattande er Torp (1919), der oppslagsorda er på nynorsk og i all hovudsak basert på ordtilfanget i Aasen (1873) og Ross (1895) sine ordbøker over dei norske dialektane. Så gjekk det åtti år før Bjorvand & Lindeman (2000) kom ut (revidert og utvida utgåve i 2007). Det er sjølvsagt den mest oppdaterte reint fagleg, men den omfattar berre eit utval arveord, som rett nok får ganske omfattande beskriving, men det er mange lakunar der frå eit brukarsynspunkt.

Derfor var det ikkje så lite av ein sensasjon da det i fjor (2013) vart lagt fram eit kjempearbeid på dette feltet, attpåtil laga av ein amatør, ein person som har utdannings- og yrkesbakgrunnen sin på heilt andre felt, og har produsert dette verket mest på hobbybasis. Yann de Caprona (heretter forkorta YdC) har ein internasjonal, i alle fall inter-europeisk, bakgrunn med svensk mor og fransk-amerikansk far, oppvekst i Italia og utdanning i samfunnsfag frå Paris. Han har budd i Oslo i snart tretti år og arbeid i Utanriksdepartementet, Raudekrossen og Riksrevisjonen. Han snakkar fleire vesteuropeiske språk (norsk, svensk, engelsk, fransk, italiensk) og har studert latin og nygresk. I arbeidet med dette verket har han hatt kontakt med mange sentrale fagpersonar innanfor ulike språk.

Det står på permen at ordboka inneheld 12 000 oppslagsord, og det er utvilsamt den mest voluminøse som er gitt ut. Ordtilfanget er det allment norske, basert på bokmålet, men dei fleste orda er sjølsagt felles for bokmål og nynorsk. Det mest originale ved boka er likevel ikkje noko av dette, men det at ho er tematisk ordna. Med andre ord har vi her noko så spesielt som ei onomasiologisk etymologisk ordbok, ein kombinert tesaurus og etymologisk ordbok. Eg har ikkje sett noko anna eksempel på dette; det normale er at etymologiske ordbøker er alfabetisk ordna (semasiologisk). Eg skal komme tilbake til ei vurdering av dette prinsippet. Det er eit relevant spørsmål om dette oppsettet er ein fordel ut over det å vere originalt og eigna til å skilje ut denne ordboka frå alle andre.

2. Disposisjon

Hovuddisposisjonen for boka er slik: Først kjem det ei innleiing med opplysning om oppbygginga av boka, kjeldene, den indo-europeiske språkfamilien, oversikt over regelrette lydkorrespondansar innanfor denne familien og over lydteikn som er brukt i boka. Så kjem hovuddelen, som altså er tematisk ordna. Det er 57 kapittel fordelt på sju hovudbolkar, med titlane *Mennesker*, *Naturen*, *Dyrelivet*, *Hverdagen*, *Samfunnet*, *Noen yrker og fag*, og til slutt *Språket*. Da er vi komne til side 1593, og så får vi over førti sider med bibliografiar (éin ordna etter språk og tema, éin ordna alfabetisk). Til slutt (s. 1639–1920) kjem ei alfabetisk liste over alle oppslagsorda, med tilvising til kapittel og sidetal.

Innanfor kvart kapittel er lemmalista ordna alfabetisk, og der kjem forklaringane til dei enkelte orda, som vi snart skal gi nokre eksempel på. Mange stader kastar YdC òg blikket utover, både i språket og i verda, og gir til dømes ei oversikt over kva eit ord eller eit begrep heiter på ulike språk. Alle kapitla blir innleidd av ein oversiktsartikkel om fellestrekk innanfor den ordgruppa kapitlet dekker. I tillegg er det ca. tretti tabellar over ord av spesielle in-

doeuropeiske røter, med utgangspunkt i eit norsk ord. Ein tabell har til dømes tittelen «Ord beslektet med *li*» (s. 221); den omfattar ord av den indoeuropeiske rota **klei-* ‘bøye, lene’, der samanhen- gen med bl.a. *klima* og *klinikk* blir vist gjennom ein trestruktur med latin, gresk og germansk som knutepunkt. Ein annan tabell heiter «Ord beslektet med *mye*» (s. 1576), av den indoeuropeiske rota **meg-* ‘stor, storartet’, og inkluderer bl.a. *magister* og *major* via latinske mellomledd.

Stoffmengda i denne boka gjer det til ein risikosport å prøve å gi ein heilskapleg omtale. Eg må berre «dukke ned» her og der og vise korleis boka er oppbygd gjennom eksemplifisering. Først går eg inn på makrostrukturen ved å sjå nærare på to kapittel: *Idrett* og *Helse*. Deretter plukkar eg ut nokre tilfeldige ord som skal repre- sentere litt ulike ordtypar, og ser på enkeltartiklane om dei.

Kapitlet *Idrett* er plassert i hovudbolken *Hverdagen*, som elles inneheld emne som mat og drikke, klede og hårstell, husinnreiing, arkitektur, kunst, litteratur, musikk og dans, leikar og spel, reiser, medium og data. Innleiinga til *Idrett* gir ei kort historisk oversikt over dei aktivitetsområda det omfattar, og gir deretter ein liten språkleg profil av feltet. Hovudspråket er engelsk, sidan England og USA har vore dei viktigaste inspirasjonskjeldene til mange av dei idrettsgreinene vi praktiserer eller har høyrte om (*bandy*, *baseball*, *basket*, *cricket*, *curling*, *tennis*, *volleyball* og fleire). Færre innslag frå andre nærskyldte språk (som fransk og italiensk) blir nemnt, sjølvstg dei (få) norske *ski*-orda vi har eksportert og det austasia- tiske innslaget med bl.a. *judo*, *karate*, *kung fu*, *sumo* og *taekwondo*. Denne innleiinga fungerer som «appetittvekkar», og blir avslutta med ei kort liste over ord «med en særlig spennende etymologi og historie» (*aikido*, *ake*, *akrobat*, *birdie*, *bogey* osv.). Deretter kjem sjølv etymologilista på ca. 25 sider med eit par hundre oppslags- ord – ein del rett nok berre tilvisingar til andre artiklar på same ord under andre emnekapittel (til dømes *bane* under *Landreiser*, *bue* under *Arkitektur* og *urbanisme*, *dommer* under *dom* i *Lov* og

forbrytelser). Endeleg inneheld kapitlet ein figur over «ord beslektet med *ake*», der bl.a. *agere*, *amt* og *pedagog* inngår.

Kapitlet *Helse* står under *Noen yrker og fag* saman med landbruk, jakt og fiske, handverk og industri, økonomi og arbeid, myntnamn, matematikk, måleiningar, fysikk, kjemi, biologi og psykologi. Struktura er parallell med den eg alt har skissert: eit kort historisk utblikk over helse, sjukdom og medisin, og ein språkprofil av feltet som viser eit stort innslag av arveord og elles ei forholdsvis jamn fordeling på nokre nærstående «långevarar» (låg-tysk, italiensk, fransk, høgtysk, engelsk og andre). Rolla til gresk og latin som «reservoar» for nylaga fagtermar innanfor dette feltet blir også kort nemnt. Orda «med en særlig spennende etymologi eller historie» er atskillig lengre her enn under *Idrett*, kanskje fordi dette er noko som gjeld alle og ikkje berre entusiastane? Det går frå *angina* og *briller* til *tyfus*, *vaksine* og *verk*. Sjølve etymologilista er på nesten femti sider, dobbelt så lang som under *Idrett*.

3. Nokre enkeltartiklar

Så nokre tilfeldige dykk i sjølve ordartiklane. Eg har plukka ut fire ord og søker dei opp i ordboka, først to vanlege importord, så to sjeldne heimenorske ord. Eg trur det er dei ordkategoriane folk flest helst vil slå opp på. Orda er *admiral*, *bank*, *jabbe* og *talle*. Eg gjengir artiklane med kritiske kommentarar der eg meiner det er naturleg; det gjeld særleg den første av artiklane. Det kan stå som eit eksempel på korleis desse etymologiane kan problematiserast og borast i, utan at det nødvendigvis finst opplagte svar.

Admiral står i kapitlet *Det militære*, i hovudbolken *Samfunnet* (s. 1061–2). Artikkelen er slik:

admiral: sjøoffiser av høyeste rang. Av fransk *amiral*, avledet av arabisk *amīr* «fyrste, befalingsmann» (jamfør *emir* i

kapitlet *Politikk og forvaltning* [...] + kanskje *al 'ali* «meget stor» eller *ar-rahl* «av transport» (men ikke *bahr* «hav», som omtalt i flere ordbøker). Da skal ordet egentlig bety «øverste fyrste, befalingsmann» eller «fyrste, befalingsmann av transporten». Tittelen er kommet til europeiske språk via normannernes kongedømme på Sicilia og betydde først «hærleder» og mye seinere «eskadreleder» [her følger seks referansar til ordbokskjelder].

Det er vanskeleg å skjöne avvisinga av *amir al-bahr* 'havets kommandant' som mogleg opphav. Det som (etter vanleg oppfatning) har overlevd i våre språk, er ein del av eit lengre uttrykk: *amir al-xxx*, altså 'xxx's kommandant', og reint språkleg kan i prinsippet nesten kva som helst ha stått etter *al*. I arabisk har ordet *amir* 'kommandant' vore brukt i mange ulike samanhengar, alt etter kva vedkommande kommanderte over. Dermed framstår *amir al-bahr* stadig som eit mogleg opphav til *admiral*. Dei andre alternativa YdC nemner, er faktisk mindre plausible. Men det finst andre alternative forklaringar, som at ordet kanskje berre kjem av *amir* med den latinske endinga *-alis* (etter analogi med *general*). Dei eldste kjeldene der ordet er nemnt (frå tidleg mellomalder) gir ikkje grunnlag for ein konsistent hypotese.¹

Bank står i kapitlet Økonomi og arbeid i hovudbolken *Noen yrker og fag* (s. 1181):

bank: institusjon som tar imot innskudd, gir lån, driver handel med verdipapirer og utfører pengetransaksjonstjenester. Gjennom fransk *banque* av italiensk *banco* (nå oftast *banca*) som egentlig betyr «pengevekslerdisk» siden de første banker var benker der penger ble vekslet og seinere lånt. *Banco*, som er avledet av frankisk **bank* og beslektet med norsk *benk* (se dette ordet i kapitlet *Husets innredning*

1 Takk til Knut S. Vikør for oppklaringar kring dette.

og utstyr [...]), har på norsk også gitt **banko** «bankopost, verdipost» og *bankerott* (se dette ordet) [tre referansar].

Bank er altså egentleg eit germansk ord (frankisk var eit germansk språk som låg nært dagens nederlandsk og tysk) som er «lånt ut» til verda gjennom italiensk.

Jabbe ‘snakke mykje, fort, snakke tull, skravle’ står ikkje i *Norsk etymologisk ordbok*. Det er eit folkeleg norsk ord som ein må til *Norsk Ordbok* for å få beskrive; Torp (1919) har det også med, og viser til parallelle ord i færøysk og shetlandsk. Det har YdC altså ikkje fått med. Det gjeld også eit anna ord *jabbe* ‘gå tungt, gå tregt, labbe, trippe’. Begge orda er med i *Norsk Riksmålsordbok* som dialektale. Truleg er det lydord i utgangspunktet. Ivar Aasen og Hans Ross har forteneasta av å ha registrert desse orda i ordbok, og dei har høyrte det i fleire landsdelar.

Talle er derimot eit ord YdC har fått med, i kapitlet *Landbruk, jakt og fiske*, hovudbolken *Noen yrker og fag* (s. 1134). Han skriv om det:

talle: (sammentrampet) gjødsel (særlig av geit og sau). Av norrønt *tað* «gjødsel» beslektet med *taða* «gjødslet eng», derav nynorsk *tøde* «talle; gjødslet eng; frodig eng». Det er foreslått at *talle* går tilbake til indoeuropeisk **dā-* «dele» eller den utvidede formen **dat-* «det utbredte» og kan være beslektet med gresk *daíomai* «jeg deler» og sanskrit *dáyate* «dele opp» (Watkins, de Vries, Torp, Hellquist).

I det siste utdraget har eg ført opp referansane, som døme på den måten YdC gjer det på gjennom heile boka. Som ein ser, viser han berre til ei uspesifisert mengd forfattarnamn. Han har ei imponerende, ja, enorm, mengd kjelder, som litteraturlistene hans viser, og fagfolk med god tid kan nok kontrollere opplysningane hans, men for andre er det vel i praksis umogleg (eg kjem tilbake til det

nedanfor). Det er likevel vanskeleg å sjå korleis han kunne gjere det annleis om han i det heile skulle få realisert prosjektet. Ein unødvendig komplikasjon har han likevel tillate seg: Ordbøker med to forfattarar er oppgitt med initialar, til dømes BL for Bjorvand & Lindeman (2007). Men i bibliografien står berre dei fulle forfattarnamna som oppslag; her burde kombinasjonar som BL (og andre, mindre kjente) ha stått på alfabetisk plass med tilvising til tittel.

4. Mangslungne artiklar

Mange artiklar går ut over det å gi etymologiane til oppslagsordet; vi kan altså få ganske lange og omfattande artiklar med ulike typar informasjon om ordet og begrepet. Nokre få døme: Under *Kroppens funksjoner og aktiviteter* (hovudbolk *Mennesker*) finn vi verbet *ligge*. Artikkelen er for så vidt ikkje så lang, men det blir plass til ei liste over avleiingar av opphavsrota **legh-* i ulike indoeuropeiske språkgreiner: latin *lectus* ‘seng’, gresk *lékhos* ‘seng’, gælisk *laigh* ‘ligge’, russisk *ležat* ‘ligge’ og eit par til. I same bolk finn vi *mareritt*, som byr på andre utfordringar. Her kjem folkloristikken inn gjennom ei liste over ulike vesen som ligg til grunn for dette begrepet: *mare* i svensk *mardröm*, engelsk *nightmare* og fransk *cauchemar*, *alv* i tysk *Albtraum*, «noko som trykker på brystet» i spanske og italienske ord for dette, og andre begrep i gresk, walisisk og katalansk.

Ordet *palme* (under *Planter og frukter*, hovudbolk *Naturen*) blir innleidd med etymologien som går til latin *palma* ‘handflate’, basert på likskap mellom eit palmeblad og ei hand med utstrekte fingrar. Så får vi ulike kulturelt baserte avleiingar, bl.a. *palmesøndag*, nokre indoeuropeiske avleiingar av rota **pelə-* ‘flat’, særleg med tydinga ‘handflate’ (gammalhøgtysk *folma*, gresk *paláme*, walisisk *llaw*), og så kjem nokre avleidde stadnamn (*Palma* på

Mallorca, *Las Palmas* på Kanariøyane og *Palm Springs* i California). Alt dette på under ei spalte.

Eit døme på korleis ein ordartikkel kan nærme seg sjangeren leksikonartikkel, er **bjørn** (under *Pattedyr*, hovudbolk *Dyrelivet*). Den fyller ei heil side i boka. Etter sjølve hovudetymologien (indoeuropeisk **bher-* ‘brun’) får vi ei drøfting av tabu-problematikken og det russiske *medved* ‘honningetar’ (av YdC feilaktig transkribert *medvėd*) som uttrykk for den, og så går vi også her over i folkloristikken, både den gresk-latinske, den keltiske og den germanske. Eg kan her berre antyde dei «stasjonane» YdC passerer gjennom i utgreiinga si av begrepet: Vi blir presentert for den gammalgreske bakgrunnen for stjernebilda *Storebjørn* og *Veslebjørn*, nemningane *Arktis* og *Antarktis* (av gresk *árktos* ‘bjørn’), det norrøne *berserk*, ymse ordlag og forestillingar om bjørnen (*ti manns styrke, tolv manns vett; bjørneteneste; selje skinnen før bjørnen er skoten*), personnamna *Bjørn* og *Ursula*, og stadnamn knytte til bjørnen – eller ikkje: *Bern* og *Berlin*, vanleg assosiert med *Bär* ‘bjørn’, antydgar YdC kan komme av indoeuropeisk *ber-* ‘sumpmark’ – basert på kjelder som han gir opp, men han markerer samvitsfullt uvisse kring dette.

Dette var nokre døme på kor mangslungne desse artiklane kan vere, og på korleis YdC kan sno seg mellom det språklege og det ensyklopediske på ofte uføreseielege måtar. Det er mogleg at « amatørposisjonen » gjer dette lettare for han enn det ville ha vore for ein «rein» språkforskar, som ofte vil vere meir innstilt på å halde seg innanfor etablerte faglege skiljeliner.

5. Hovudbolken Språket

I eit skrift som *LexicoNordica* kan det høve å sjå nærare på den siste hovudbolken, *Språket*. Den inneheld kapitla *Lingvistikk og grammatikk, Språknavn, Talespråket, Skriftsystemer, Prefikser og suffikser, Banning, og Noen øvrige ord*, og omfattar ca. 150 sider. I kapitlet

Lingvistikk og grammatikk kjem latin og gresk sterkt inn, både som kjelder til terminologien, og som leverandørar av døme (mest latin, da). Lista omfattar alle nivå i språket. Det er ikkje mange stader YdC går skikkeleg i baret, men det gjer han etter mitt syn når han gir ordet *kasus* fleirtalsforma *kasi*. Det må vere ein hyperkorreksjon, og altså heilt gale. Det heiter *kasus* også i fleirtal, ikkje berre på norsk, men også på latin: *casus* er ein u-stamme og får altså ingen *-i* i fleirtal. *Hyperkorrekt* er for øvrig eit ord YdC ikkje har funne plass til (sjølv om han har med prefikset *hyper-*, men med andre orddøme).

Svært interessant er kapitlet *Språknavn*, fordi språknamna jo utgjer mykje av beingrinda i eit verk som dette. Her har han til dels lange omtalar av dei språka han behandlar, der han både inkluderer beskrivingar av den allmennhistoriske bakgrunnen for språka og rekker av døme på ord vi har fått frå dei respektive språka. Dei fungerer som leksikonartiklar om språka, men her er relasjonen mellom det språklege og det ensyklopediske meir uanstrengt enn når ein behandlar andre emne, kan ein vel seie. Dei lengste artiklane handlar om engelsk, latin og tysk, og det er jo ikkje unaturleg. Artikkelen om tysk (s. 1495–6) inneheld både drøftingar av etymologien som er basert på *þeudi- ‘folk’ og ei oversikt over dei mange andre (til dels stammebaserte) nemningane for Tyskland i ymse grannespråk: engelsk *Germany*, fransk *Allemagne*, polsk *Niemcy*, finsk *Saksa*, litauisk *Vokietija*.

Eit problematisk punkt generelt i boka er at YdC konsekvent bruker *tysk* for det høgtyske skriftspråket, også når han set det i kontrast med *lavtysk*, som har vore så viktig for det norske ordforrådet, til dømes i artikkelen **brøle** (i kapitlet *Talespråket*, s. 1500): «Trolig av lavtysk **brölen*, som likesom nederlandsk *brullen* og tysk *brüllen*, går tilbake til germansk **brōlian-*». Det hadde tatt seg betre ut å gjennomføre *høytysk*, i alle fall når det står i direkte motsetning til *lavtysk* – som, uansett korleis ein snur og vender på det, også er tysk.

Kapitlet *Talespråket* inneheld kanskje meir allmennspråklege ord om språkbruk enn faglege (*akklamasjon, bable, deklamere, fritte, ljuge* (alfabetisert på den forma), *retorikk, si, stemme, svar, ytre* osv.). Under *Skriftsystemer* har YdC ein særskild bolk om enkeltbokstavane i det latinske alfabetet, med ein figur over utviklinga av bokstavane frå fønikisk til latin. Prefiks og suffiks er samla i eitt kapittel, og så kjem ei svært kort liste over bannord og skjellsord (berre to sider, grunnlagt med at dei fleste slike ord har «en usikker opprinnelse»). Til slutt *Noen øvrige ord*, i stor grad grammatiske funksjonsord (*av, bli, den, gjøre, hvem, jeg, og, opp, selv, til* osv.), men òg ein del innhaldsord, både vanlege og meir spesielle framandord, som han av ein eller annan grunn ikkje har fått plassert i systemet sitt (*bagatell, blande, diffundere, enorm, filateli, forske, full, hobby, irre, kavalkade* osv.). Med den omfattande emneinndelinga som heile boka bygger på, ser det merkeleg ut at ikkje mange av desse orda kunne ha vore plassert i ein «naturleg» omgivnad elles i boka, men eg tar ikkje opp det i detalj her.

6. Tilhøvet til kjeldene: Ord frå malayisk

YdC bygger altså på ei imponerende mengd kjelder, men utan å spesifisere kor han har dei enkelte opplysningane frå ut over å referere generelt under kvart oppslagsord, som eg har vist eksempel på ovanfor. For å finne ut litt meir om dette, har eg sett på ei ordgruppe frå eit språk YdC ikkje er kompetent i, nemleg malayisk (som også er nasjonalspråk i Indonesia under namnet indonesisk; det er snakk om to nært beslektet varietetar som er gjensidig forståelege, men likevel har ein del ulikskapar i ordbruk og idiomatikk). Eg har sjølv studert dette språket og kan dermed «kike YdC i korta», som vi seier på norsk. I Vikør (2012) har eg beskrive etymologien til ein del malayisk/indonesiske importord i norsk, og sidan metoden min var annleis enn den YdC har brukt, går det an å samanlikne.

På s. 1485 (under *Språknavn*) har YdC ei liste over malayiske ord i norsk (som eksempel på ord han har med i ordboka). Nokre av dei er (meir enn) tvilsame (*beriberi, djunke, mangrove*), men det spelar mindre rolle her. Eg har gått gjennom og registrert alle kjeldene han gir opp, og konstaterer at det i all hovudsak er snakk om allmenne etymologiske ordbøker for vesteuropeiske språk, som altså ikkje bygger på spesialkompetanse i malayisk og andre indonesiske språk. I Vikør (2012) har eg tatt utgangspunkt i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* med tanke på førekomsten i norsk, og deretter søkt opp orda i malayiske og indonesiske ordbøker. Eg vil ikkje gå i detalj i jamføringa, bl.a. fordi eg ikkje har hatt høve til å sjekke YdC sine kjelder direkte. Eg viser berre til artikkelen min for dei som vil jamføre måtane våre å gå fram på.

Eg kommenterer to av orda, der YdC har hypotesar eg ikkje har sett andre stader. *Amok*, seier han på s. 1420, kan vere avleidd av «*amar-kkan* «kriger», der *amar* betyr «krig» på malayalam (et dravidisk språk fra Kerala i Sørvest-India)». Dette verkar langhenta på meg. Om sjølve ordet *malayisk* skriv han at det stammar frå sanskrit og «kanskje er avledet av dravidisk *malai* «fjell»». Det siste skal da også gjelde *malayalam*. Eg er også her skeptisk og har ein annan etymologi i Vikør 2012, men det er interessant at YdC i begge tilfelle viser til dravidisk. Det er eit faktum at Malaya og Vest-Indonesia i mange hundreår før kolonitida hadde mykje kontakt med det dravidiske Sør-India, og framleis finst det ein tamilsk minoritet i Malaysia (tamil er det største dravidiske språket). Det er også eit faktum at denne kontakten i stor grad gjekk tapt i nyare tid, og dei vitskaplege miljøa som i moderne tid har danna seg kring dravidisk og indonesisk lingvistik har vore heilt åtskilde, med engelsk som einaste gjensidig forståelege kontaktspråk. Eg trur ikkje det har funnest ein einaste person som har hatt ekspertkunnskap i begge språkgruppene, i alle fall var det slik da eg studerte indonesisk på syttitalet, og det er heilt nødvendig for at ein skal kunne gjenoppdage gamle sambandslinjer. Eg kan altså ikkje bastant av-

vise YdC sine teoriar, sjølv om eg er skeptisk; den same mangelen på kontakt kan jo lett føre til ukritisk overtaking av teoriar ein ikkje har innsikt nok til å vurdere. Så der står saka.

Ein siste merknad er at YdC gjengir opphavsforma til *orangutang* (s. 427) feil, det er *orang (h)utan* ‘skogmenneske’. *Hutan* tyder ‘skog’, mens *hutang* tyder ‘gjeld, skuld’ på indonesisk, så denne feilen kunne gi grunnlag for ein humoristisk kommentar. Lyden *-ng* i vår form av ordet har nok oppstått i «importprosessen» i eitt av mottakarspråka.

7. Sluttvurdering

På dette stadiet i meldinga er det vel på tide med ei generell vurdering av sjølve det overordna grepet som gjer denne boka til eit slikt originalt verk. Som prestasjon er det imponerende og beundringsverdig å hanskast med ei slik overveldande stoffmengd på denne kompliserte, men godt gjennomførte måten. Frå eit brukarsynspunkt blir nok vurderinga meir ambivalent. Det er ikkje lett å ta seg fram i boka, ein må ha god tid og vere innstilt på litt plundring – trass i at ein har den alfabetiske lista på nesten 300 sider bak i boka. Dei fleste som slår opp i ei etymologisk ordbok, er interessert i enkeltordet der og da, ikkje i samanhengane – som stort sett ikkje er etymologiske – med det semantiske feltet ordet høyrer til i. Likevel får boka fram visse dimensjonar som ein ikkje lett ser med den tradisjonelle (alfabetiske) disposisjonen. Det er såleis fascinerande – og kulturhistorisk relevant – å sjå korleis ulike felt har ulike språkprofilar, altså at somme språk dominerer som långevarar på somme felt, andre på andre, arveorda på atter andre. Mykje av dette kan ein jo tenke seg til ut frå vanleg allmennkunnskap, men det er likevel fascinerande å få det demonstrert for eit stort tal enkeltord slik det blir gjort her.

Det er nok også slik at somme semantiske felt er meir saman-

hengande heilskapar for brukarar flest enn andre, og der kan ein ha ei særskild glede av å sjå enkeltorda i samanheng med kvarandre og jamføre dei utan å måtte bla alle stader i boka. Det gjeld slike felt som fargar, tal, dyregrupper, myntar, bokstavane i alfabetet, og andre. Likevel trur eg ikkje YdC får særleg mange etterføljarar i denne spesielle sjangeren «onomasiologisk etymologisk ordbok». For dei fleste føremål vil ein tradisjonell «glattalfabetisk» struktur vere mest praktisk og handterbar. Der kan ein søke ordet ein vil ha greie på direkte opp i staden for å ta det i to omgangar – først i den alfabetiske lista, så med leiting etter eitt av over 1500 sidetal. Ein ekstra komplikasjon er det at mange ord høyrer heime i ulike semantiske felt, så YdC må lage mange tilvisingar mellom ulike oppslag av same ordet. Til dømes: *banne* står under *Talespråket* med tilvising til *Banning*; *alpakka* og *astrakan* står under *Klær, stoff og sko* med tilvising til *Pattedyr* osv. Det ligg i sakas natur at det må bli ganske mykje av slikt. Her ville ei glattalfabetisk ordning føre til mindre plassbruk og ein meir greiskoren struktur. I den alfabetiske lista til slutt er det rett nok berre vist til hovudomtalen av det aktuelle ordet.

YdC er seg bevisst at han er amatør, og han lener seg tungt på dei mange kjeldene han har konsultert. Han skriv i innleiinga (s. 21) at han berre har tillate seg ein einaste personleg teori om eit ord; det gjeld *tårn* i sjakk – i kapitlet *Spill og leker* (s. 726). Her handlar det om sjøve brikka, meir enn ordet *tårn* (som blir forklart ein annan stad, i kapitlet *Arkitektur og urbanisme*, s. 589). Brikka heitte på persisk *rokh*, foreslått avleidd av *rah* ‘krigsvogn’, og YdC spør seg «hvorfør denne høyst bevegelige brikken nå er representert ved et stillestående tårn». Så skriv han etter å ha referert eit par andre teoriar: «Personlig er jeg fristet til å tro – men har ikke noe belegg for det – at persisk *roh* og middelalderlatin *rochus* er blitt forbundet med italiensk *rocca* ‘fjellfestning’».

Uttrykt så varsamt må det vere lov å antyde ein teori også for

ein amatør. Men etymologiske ordbøker verkar ofte ganske skråsikre der ein som interessert lesar kunne tenke seg meir uvisse og atterhald. YdC er fullstendig avhengig av det ekspertbatteriet han bygger heile verket på. Han verkar svært samvitsfull i måten sin å behandle stoffet på, kanskje nettopp fordi han veit at han lett vil bli avfeidd om han kjem med bombastiske fikse idear. Det finn eg altså ikkje her, men ingen kan lage eit slikt verk sånn at det blir absolutt sikkert og rett. Når eg ovanfor har funne ting å pirke på, må ein sjå det i det lyset. Også på det reine korrekturplanet er eit sånt verk ei gedigen utfordring, ikkje minst bibliografiane, og igjen må eg seie at YdC har komme godt frå det i det store og heile, men enkelte feilskrivne forfattarnamn som «Linström» for *Lindström* (s. 1627), «Sandness» for *Sandnes* (s. 1632) og «Torby» for *Torvik* (s. 1627) har han ikkje unngått. Det finst fleire døme, men eg kan ikkje gå meir inn på det her.

Ei reell kvalitetsvurdering av eit slikt verk kan i det heile tatt ikkje gjerast i éi melding, det må skje i det små gjennom (regel-messig) bruk over lang tid. Det vil bli oppdaga feil, enten på grunn av ny forskning, eller på grunn av kunnskap som var tilgjengeleg alt tidlegare. Eit eksempel på det har *Lexico-Nordicas* norske redaktør, Sturla Berg-Olsen, gjort meg merksam på. Han er kompetent på baltiske språk, noko eg ikkje er, og har merka seg ei rekke feil i bruken av diakritiske teikn i litauiske ord. Her burde ein fagperson på dette språket vore konsultert.

Likevel: Denne meldaren er sjølv ordboksredaktør, og slike har nok eit meir illusjonslaust forhold til dette enn «meinige» brukarar ofte har. Nivået verkar i det store og heile så høgt her, både når det gjeld ambisjonar og prestasjonar, at verket vil få status som det sentrale arbeidet for vår tid i sitt slag. Det tar ikkje vekk behovet for andre etymologiske ordbøker med andre vinklingar, som Bjorvand og Lindemans, der ei ny utgåve igjen er i arbeid. Den loddar djupare, men femner mindre breitt enn YdC si bok, og vi treng begge måtane innanfor eit så samansett emnefelt.

Litteratur

- Bjorvand, Harald & Fredrik Otto Lindeman (2000): *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Oslo: Novus forlag. Revidert og utvidet utgave 2007.
- Bokmålsordboka* (2005). Boye Wangensteen (red.). 3. utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Falk, Hjalmar & Alf Torp (1903–06): *Etymologisk Ordbog over det norske og det danske Sprog I–II*. Kristiania: Aschehoug.
- Falk, Hjalmar & Alf Torp (1911): *Norwegisch-Dänisches etymologisches Wörterbuch I–II*. Heidelberg: Carl Winthers Universitätsbuchhandlung.
- Norsk Ordbok V: harm–jåttut* (2005). Lars S. Vikør (hovudred.). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Norsk Riksmålsordbok I,2: for- –låveveg* (1937). Trygve Knudsen & Alf Sommerfelt (red.). Oslo: Aschehoug.
- Nynorskordboka* (2006). Marit Hovdenak et al. (red.). 4. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Ross, Hans (1895): *Norsk Ordbog*. Kristiania: Alb. Cammermeyers Forlag.
- Torp, Alf (1919): *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania: Aschehoug.
- Vikør, Lars S. (2012): Indonesiske ord i norsk. I: Unn Røyneland & Hans-Olav Enger (red.): *Fra holtijar til holting. Språkhistoriske og språksosiologiske artikler til Arne Torp på 70-årsdagen*. Oslo: Novus forlag, 399–412.
- Aasen, Ivar (1873): *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania: Alb. Cammermeyers Forlag.

Lars S. Vikør
 professor
 Norsk Ordbok 2014
 Institutt for lingvistiske og nordiske studium
 Universitetet i Oslo
 Postboks 1021 Blindern
 NO-0315 Oslo
 l.s.vikor@iln.uio.no